

Kleppsongen.

1. Me vil syngja ein song om vår heimstad på jord,
så det ljomar frå varde og veg.
Eit orkester av stein spelar opp utan ord,
og ei vindharpe lokkar og dreg.
2. Me har heiar i nord, me har havet i vest,
og ein himmel som kvelver seg vid.
Me har fløymande lys over arbeid og fest,
over syner av æve og tid.
3. Her er morgonen blank som ei spenne av gull
når det vaknar ein sumar i aust.
Ser du kornet som skin – heile åkeren full –
når det mognast ein måne i haust.
4. Ja, det spirer og gror etter traktor og plog,
sjå – det blømer frå Sele til Tu.
Og med hender av håp har me planta vår skog,
me har vunne på vinden med tru!
5. Om me siglar på sjø, og me vandrar i by,
eller flyr til ein varmare kyst,
Om me landar på Mars, og vår verden er ny,
Er det bygda me ber i vårt bryst.

Åse Marie Nesse